

N-ro 1/2008
20a jaro (2a periodo)



Kjære lesar

I dette nummeret får du lesa om ein heidundrande nyårsleir i Tyskland med to norske deltakarar og 177 andre. Eit flott reisemål til neste romjøl!

Om du ikkje vil venta så lenge og reisa så langt, kan du koma på hytteturen vår! 4.-6. april samlast vi i Østfold. Du kan lesa meir litt lenger bak, men ver rask! Det er berre 13 plassar på leiren.

*Leif Arne Storset,
redaktør*



inter ni dirite

- LA JUNULARA FORUMO

Redaktas: Leif Arne Storset

Internacia Seminario: Fri kjærleik, Europa- parlamentet og La Bamba

Kring nyårshelga samla 179 menneske i 20-30-årsalderen seg til feiring i den vakre sørtyiske byen Würzburg. Det var seks dagar i spaning mellom solid tysk organisering og esperantoundomeleg spontanitet. Internacia seminario – som dei fleste kjenner som IS eller «i-så» – var tilbake.

Eg reiste saman med Einar Faanes, som har teke nokre av bileta til denne artikkelen. På toget møtte vi ei nonne og øvde oss i tysk, men snart var vi framme og kunne byta til esperanto. Ei velsmakande velkomstgåve – peparkake i hjarteform – vart i løpet av veka eit symbol på at førebuingane vart gjort grundig og med kjærleik.



Einar (t.h.) og Leif med hjarto på rette staden.

Programmet var tettpakka. Deltakarane får rabatt dersom dei lagar programpostar, og mange hadde nytta høvet. Her var det alt frå sjonglering til nybyrjarspansk, fri kjærleik og eit esperantoparti til neste val til Europarlamentet («Esperanto 2009»). Kvar dag var det utflukter, mellom anna til den gamle festninga, i den sjarmerande og livlige midtbyen og til badeland.

Nokre valde å sjå bort frå aktivitetsprogrammet og heller sova ut etter gårsdagens fest. For kvar kveld etter konsert- eller teaterprogrammet var det både dansegolv og sal av tysk øl og vin. Den største festen var naturlegvis nyårsaftan, med nedteljing til det nye året i alle deltakarlanda.

Dei som likte poker, sjakk eller go heldt seg til det alkoholfrie alternativet Gufujo. Gufujo var populært også i år, og hadde eit overraskande breitt utval i te av spanande slag, mellom anna piña colada og yogi.

Det var 51. gong den tyske esperantoundomen samla esperantotalande og esperantolærande frå heile verda til ei slik samling. Samlinga er meir prega av kontinuitet enn til dømes IJK, som har nye arrangørar kvart år. Det fører til visse sterke tradisjonar. La bambo (ringleik med kyssing og «La Bamba» som viktige element) dominerte store delar av nyårsfesten og utandørsbassenget i badeland.

Før eg kom på IS, tenkte eg at dette

kunne koma til å verta ein av dei siste esperantosamlingane på lang tid, sidan studia snart er ferdige og livet vil endra seg. Då vi fór heim, slitne, men glade, avgjorde eg at dette ikkje vert siste gong på meg.



PÅ NETTET:

Bileta til Einar på <http://tinyurl.com/2u3k8k> (Flickr)
 Dei offisielle bileta på <http://tinyurl.com/2pwos4> (Picasa)
 Dei offisielle sidene på <http://ttt.esperanto.de/is/>

1. Anna frå Katalonia og Valle frå Spania utanfor Gufujo. 2. Musikalske og danske Jonas med fiolinen sin. 3. Würzburg

PODUS

n-ro 8



© Øverli. distr. strandoverli@yahoo.com

Bli med på hyttetur!

Den 4.-6. april inviterer Norsk esperantoundom deg på hyttetur i Våler i Østfold! Hytteturane har vore høgdepunkt for norske esperantoundomar i mange år, og denne våren kan du sjå fram til mellom anna eit lynkurs i planspråket Lojban.

Styret organiserer avreise frå Oslo for dei som treng det. Du får meir informasjon i posten snart, men du kan også skriva til nje@esperanto.no eller heming@silisium.net. Det er grense på 13 deltakarar, så meld deg på snart!

Fleire opplysningar finn du i nettversjonen til *Inter ni dirite*, og nyhendebloggen vår <http://junularo.blogspot.com>

HEILE INVITASJONEN KAN LESAST PÅ
esperanto.no/nje/ind/ind2008-01.php

Venonta IND

Redaktør for neste nummer av *Inter ni dirite*, som har materialfrist 7. mars 2008, er Einar Faanes. Bidrag sendes: eianr@einar-faanes.net (ja, eianr er korrekt)

NOKRE VIKTIGE PUNKT

Påmeldingsfrist: 16. mars

Påmeldingsavgift: 300 kr (kr 100,- i avslag om du lagar ein programpost)

Som medlem i NJE kan du søkja om reise-stønad (dekkjer 75 %, maks 1000 kr).

Det er 6 tilgjengelege sengeplassar, resten må sova på golvet. Her er det fyrstemann til mølla!

Det bur ein hund i hytta, så dersom du er allergisk bør du lesa den utvida informasjonen som du får i posten, eller på nettsida til venstre.

Sjå i tillegg brevet eller nettsida for informasjon om kva for info du må oppgi ved påmelding.

For styret i NJE
Leif Arne

— FINO DE *INTER NI DIRITE* —